

Kafè med godt utval i glutenfritt.

11.07.2016



Hilde Hus kan tilby kundane godt utval i glutenfritt.

Hilde Hus som i mange år budde på Stølen her i Uskedalen saman med ektemannen Kjell Magne Haugland, har i nokre år drive Fristelsar AS i Rosendal saman med søstera Margrethe Hus Ripel.. Sist tordag flytta dei drifta litt lenger ned i Skålagato til dei tidlegare lokala til Peder Bakar. I samband med det utvida dei også til å driva kafè.



Glutenfrie tebriks

Ein Uskedalskunde som har besøkt nye Fristelsar rosar kaféen for det gode utvalet i glutenfri bakst. Ho seier at det store utvalet er unikt for ein kafè. Det er vanskeleg nok sjølv i byen. Hos Fristelsar AS er det både glutenfri eplekake, tebriks som du også kan få påsmurt, og muffins.

Dette er eit svært godt tilbod til dei som treng glutenfri mat, og det gjer det mogeleg for heile familien å kosa seg på kafè.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Anja Strûter